


201104057 - 76

312

KV/JFJ



Ål kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref. Vår ref. Dato
13/01114-10 24.06.2013

Melding om vedtak - Høyringsuttale om Heimsil 3 kraftverk

Ål kommunestyre har behandla saka den 20.06.2013, saknr. 31/13.

Det vart gjort slikt samråystes vedtak:

Vedtak

1. *Dei miljømessige konsekvensane for køyring av Gyrinos/Flævatn av å bygge kraftverk Heimsil 3, må undersøkast nøyare. Dette må sjåast i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkår for Heimsilutbygginga.*
2. *Etter ny utbygging av Heimsil 3 vil ikkje lengre individuell sjølvkost vere representativ for kostnaden for konsesjonskraft frå Heimsilutbygginga. Me krev derfor at konsesjonskraftprisen blir sett lik pris frå representative verk (OED-prisen). Det er svært urimeleg at Ål Kommune skal betale 5 % av investeringa gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta utan vederlag.*
3. *Etter at det vart avhelde møte med NVE, E-CO og vertskommunane den 19. juni 2013, vart det presisert av NVE at det er avtalefriheit når det gjeld konsesjonskraft. E-CO ga til kjenne at dei var klar over dette, men at dei ikkje yngste å kompensere det tapet vertskommunane får gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta. Ål kommune kan ikkje gå inn for ei utbygging der me så klart blir skadelidande og går difor sterkt mot utbygginga.*
4. *Kommunen meiner regelverket som set rammer for konsesjonskraftprisen er utdatert, og vil arbeide politisk for å endre regelverket, slik at me som vertskommune får ta del i den verdiskapinga som skjer med bakgrunn i utnytting av lokal sårbar vassdragsnatur.*

Med helsing

Geir Tretterud

saksbehandlar / dagleg leiar Ål kraftverk

Tone Tveito Eidnes

rådmann

Kopi til: Hemsedal kommune/3560 HEMSEDAL; Gol kommune/Gamlevegen 4/3550 GOL

Postadresse:	Torget 1, 3570 Ål	Telefon:	32 08 50 00	Bankgiro:	2320 20 29531
E-post:	postmottak@aal.kommune.no	Faks:	32 08 50 99	Bankgiro skatt:	7855 05 06199
Internett:	www.aal.kommune.no			Organisasjonsnr:	864 952 992



Hallingdal

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 13/01114-4
Arkivkode. ---
Saksbehandler Geir Tretterud

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	20.06.2013	31/13

Høyringsuttale om Heimsil 3

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret i Ål

Vedlegg:

Konsesjonssøknad om Heimsil 3, Konsekvensutgreiing samfunn, konsekvensutgreiing hydrologi

Dokument i saka:

Det er fleire dokument i søknaden frå E-Co Energi. Desse finn ein ved å gå inn på NVE sin heimesider www.nve.no. Gå til konsesjoner, høringer, leit opp frå Buskerud då kjem Heimsil 3 opp.

Saksopplysningar:

Skildring av utbygginga:

Heimsil 2 er ein del av Heimsilutbygginga. Ål har fyrst og fremst interesser knytt til magasinet Gyrinos/Flævatn som er inntak for Heimsil 1. I tabell 1 er det sett opp nokre nøkkeltall for dagens kraftverk

Kraftverk	Produksjon (GWh)	Installert effekt (MW)	Brukstid (timer)	Inntaksmagasin
Heimsil 1	293	70	4186	Gyrinos/Flævatn
Heimsil 2	518	83	6241	Eikredammen
Gjuva	32	9	3555	Vavatn
Brekkefoss	9	2	4500	

Tabell 1 .Oversikt over kraftverk i dagens utbygging av Heimsil vassdraget

Som ein vil sjå av tabell 1 så er brukstida for Heimsil 2 lang, det indikerer at ein har relativt stort flaumtap og lite fleksibilitet for når ein kan køyre kraftverket.

Det er desse to tinga ein søker å endre på ved tiltaket. Ein set inn ein parallel stasjon med Hemsil 2 kalla Hemsil 3. I tabell 2 er det vist korleis situasjonen blir med det nye kraftverket inne.

Kraftverk	Produksjon (GWh)	Installasjon (MW)	Brukstid	Slukeevne (M3/sek)	Inntak
Hemsil 1	293	70	4186	16	Gyrinos/Flævatn
Hemsil2/3	622	160	3455	55 (25+30)	Eikredammen
Gjuva	32	9	3555	3,5	Vavatn
Brekkefoss	9	2	4500	4,5	

Tabell 2 Nøkkeltall for Heimsilutbygginga etter utbygging av Hemsil 2.

Ein ser av tabellen at ein vil få vesentleg kortare brukstid i Hemsil 2/3 etter utbygginga (3455 mot 6241 timer), det vil seie at ein får betre evne til å handtere flaumvatn, men også betre evne til å kunne produsere når prisane er høge. Spesielt vil evna til dette auke i periodar på sommar/haust med mykje uregulert tilsig, no er slukeevna i det nye kraftverket Hemsil 2/3 såpass stort at det er mogleg å køyre ut uregulert tilsig i tillegg til produksjon frå Hemsil 1. På vintertid vil ein kunne køyre ut mykje av produksjonsvatnet frå Heimsil 1 i løpet av endå færre timer på dagtid.

Det er desse eigenskapane som gjev økonomi til tiltaket, i tillegg til økonomisk stønad gjennom el-sertifikat.

Netto auke i produksjonen frå kraftverka er:

14 GWh vinterproduksjon

77 GWh sommarproduksjon

91 GWh til saman

Kostnaden for kraftverket er rekna til 740 millionar kroner, det gir ein utbygnadspris på 8,13 kr/kWh. Utbygnadsprisen er relativt høg. Det indikerer at det er andre ting enn det å hente inn i det vesentlege sommarproduksjon som må forsvare utbygginga. Det er den auka installasjonen som må forsvare ei slik utbygging og gjennom det moglegheita til å produsere meir på tidspunkt med høg pris enn tidlegare.

Konsesjonskraft:

Konsesjonskraft var i utgangspunktet ein rett kommunane fikk til ein del av utbygginga til ein rimeleg pris, dvs sjølvkost for anlegget.

48,5 % av konsesjonskrafta tilfell magasinkommunen, 48,5 % tilfell fallkommunen og 3 % tilfell kommunen der kraftverket ligg. I og med at me har såpass mykje av magasinet har Ål kommune rett på 20,83 GWh med konsesjonskraft frå Hemsil utbygginga. Den har pr i dag ein kostnad på 13,85 øre/kWh.

I og med at reguleringskonsesjonen for Gyrinos/Flævatn er gitt før 10.04.59 er det individuell sjølvkost for anlegget. For anlegg med konsesjon seinare enn 10.04.59 er det ein gjennomsnittspris for representative kraftverk som gjeld. Denne blir bestemt av Olje og energidepartementet (OED).

I og med at det er individuell sjølvkost for anlegget er reglane slik at også kostnaden med det nye Heimsil 3 kraftverket blir lagt til grunnlaget for utrekning av konsesjonskraftpris.

Det viser seg at vertskommunane må betale 12 % av totalinvesteringa på 740 millionar kroner, dvs 90 millionar kroner gjennom auka pris på konsesjonskrafta. Ål må betale 37,5 millionar kroner av dette gjennom auka pris. E-Co har rekna ut at konsesjonskraftprisen vil auke med 8,09 øre/kWh frå 13,85 til 21,94 øre/kWh. Samanliknar ein dette med fjarårets spotpris på om lag 22 øre/kWh ser ein at verdien av konsesjonskrafta blir fort borte.

Forhold til overordna plan:

Skriv inn forhold til overordna plan her

Miljøkonsekvensar:

Det er i konsekvensutgreiinga til E-Co føresett at det ikkje blir nokon endring i køyringa av dei eksisterande kraftverka. Herunder Heimsil 1. Dette stiller eg meg undrande til. Ei auka slukeevne i Heimsil 2 vil gjere det mogleg å køyre ut meir vatn også i frå Heimsil 1 i periodar med relativt høgt lokaltilsig til Heimsil 2/3. At dette ikkje skal påverke bruken av Gyrinos/Flævatn virkar unrealistisk. Det ein kan frykte er meir utkøyring av vatn i fyllingssesongen. Det er vanskeleg å vurdere dette noko nærrare no, då det ikkje er vurdert i konsekvensutgreiinga. Me får her berre vise til vår uttale på tilsvarande punkt i revisjon av konsesjonsvilkår for Heimsilutbygginga. Ål Kommune har stilt krav om at ein ikkje får køyre ut meir enn tilsiget i fyllingssesongen.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Skriv inn vurdering her

Økonomiske konsekvensar:

Skriv inn vurdering her

Vurdering:

Miljø:

Det er i konsekvensutgreiinga for hydrologi føresett at køyringa av Hemsil 1, Gjuva og Brekkefoss blir som tidlegare, dette stiller eg meg skeptisk til som før nemt. Dette kan få konsekvensar for bruken av Gyrinos/Flævatn.

Konsesjonskraft: Legitimiteten for å nytte individuell sjølvkost ligg i at utbygginga produserer ei vara som lignar på den vara som kommunane har rett på gjennom konsesjonskraft.

Konsesjonskrafta består av 2/3 vinterkraft, 1/3 sommarkraft og ikkje for store moglegheiter til å variere effektuttaket i periodane.

Den utbygginga som E-Co skal gjennomføre består av 85 % sommarkraft, 15 % vinterkraft. I tillegg aukar ein effekten i Heimsil 2 monaleg slik at ein kan køyre ut krafta på kortare tid, og derfor til ein høgare pris. Saman med ein stønad gjennom grøne sertifikat gjer dette at E-Co forhåpentlegvis får eit lønsamt prosjekt. Prosjektet har imidlertid lite med å framskaffe eller halde vedlike utstyr som trengs for å framskaffe den vara som kommunane har rett på, først og fremst vinterkraft. At kommunane derfor skal måtte betale 12 % av kostnaden for utbygginga, utan å få ta del i verdiskapinga i prosjektet, virkar derfor svært lite legitimt.

Me bør derfor kreve at når Heimsilutbygginga forlet ein status som ei utbygging som var tilpassa det gamle fastkraftsystemet, til å bli ei utbygging tilpassa ynskjet om å få inn meir uregulert energi og auka effekt så er ikkje den individuelle sjølvkosten i anlegg lenger

representativ til å representere kostnaden med konsesjonskraft frå anlegget. Kravet må derfor bli at prisen på konsesjonskrafta blir lik prisen frå representative verk (OED-prisen).

Rådmannen si innstilling:

Me vil foreslå at kommunestyret gjer slik vedtak:

Ål Kommunestyre kjem med desse merknader til høyring av konsesjonssøknad for Heimsil 3 kraftverk.

1. Dei miljømessige konsekvensane for køyring av Gyrinos/Flævatn av å bygge kraftverk Hemsil 3 må undersøkast nøyare. Dette må sjåast i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkår for Heimsilutbygginga.
2. Etter ny utbygging av Heimsil 3 vil ikkje lengre individuell sjølvkost være representativ for kostnaden for konsesjonskraft frå Heimsilutbygginga. Me krev derfor at konsesjonskraftprisen blir sett lik pris frå representative verk (OED-prisen). Det er svært urimeleg at Ål Kommune skal betale 5 % av investeringa gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta utan vederlag.
3. Ål Kommune kan ikkje gå inn for utbygginga utan at desse krava vert oppfylt.

Ål, 05.06.2013

Tone Tveito Eidnes
rådmann



KU-samfunn Hemsil
3.pdf



Konsesjonssøknad
Hemsil 3.pdf



Hydrologi Hemsil
3.pdf

Geir Tretterud

Kommunestyret har behandla saka i møte 20.06.2013 sak 31/13

Behandling

Ordførar Ivar Brevik (Sp) gjorde følgjande framlegg:

Ål Kommunestyre kjem med desse merknader til høyring av konsesjonssøknad for Heimsil 3 kraftverk.

1. Dei miljømessige konsekvensane for køyring av Gyrinos/Flævatn av å byggje kraftverk Hemsil 3, må undersøkast nøyare. Dette må sjåast i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkår for Heimsilutbygginga.
2. Etter ny utbygging av Heimsil 3 vil ikkje lengre individuell sjølvkost vere representativ for kostnaden for konsesjonskraft frå Heimsilutbygginga. Me krev derfor at konsesjonskraftprisen blir sett lik pris frå representative verk (OED-prisen). Det er svært urimeleg at Ål Kommune skal betale 5 % av investeringa gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta utan vederlag.
3. Etter at det vart avhelde møte med NVE, E-CO og vertskommunane den 19. juni 2013, vart det presisert av NVE at det er avtalefriheit når det gjeld konsesjonskraft. E-CO ga til kjenne at dei var klar over dette, men at dei ikkje yngste å kompensere det tapet vertskommunane får gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta. Ål kommune kan ikkje gå inn for ei utbygging der me så klart blir skadelidande og går difor sterkt mot utbygginga.
4. Kommunen meiner regelverket som set rammer for konsesjonskraftprisen er utdatert, og vil arbeide politisk for å endre regelverket, slik at me som vertskommune får ta del i den verdiskapinga som skjer med bakgrunn i utnytting av lokal sårbar vassdragsnatur.

Votering

Framleggget frå ordførar Ivar Brevik (Sp) vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Dei miljømessige konsekvensane for køyring av Gyrinos/Flævatn av å byggje kraftverk Hemsil 3, må undersøkast nøyare. Dette må sjåast i samanheng med revisjonen av konsesjonsvilkår for Heimsilutbygginga.
2. Etter ny utbygging av Heimsil 3 vil ikkje lengre individuell sjølvkost vere representativ for kostnaden for konsesjonskraft frå Heimsilutbygginga. Me krev derfor at konsesjonskraftprisen blir sett lik pris frå representative verk (OED-prisen). Det er svært urimeleg at Ål Kommune skal betale 5 % av investeringa gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta utan vederlag.
3. Etter at det vart avhelde møte med NVE, E-CO og vertskommunane den 19. juni 2013, vart det presisert av NVE at det er avtalefriheit når det gjeld konsesjonskraft. E-CO ga til kjenne at dei var klar over dette, men at dei ikkje yngste å kompensere det tapet vertskommunane får gjennom auka sjølvkost for konsesjonskrafta. Ål kommune kan ikkje gå inn for ei utbygging der me så klart blir skadelidande og går difor sterkt mot utbygginga.
4. Kommunen meiner regelverket som set rammer for konsesjonskraftprisen er utdatert, og vil arbeide politisk for å endre regelverket, slik at me som vertskommune får ta del i den verdiskapinga som skjer med bakgrunn i utnytting av lokal sårbar vassdragsnatur.

RETT UTSKRIFT

DATO 24.juni.2013